

barn og unge. Teateret skal freiste å nå flest mogleg med tilknytning til samisk kultur og så i andre delar av landet enn dei turnéfram-syningane teateret driv i eigen region.

Dette medlemmet vil auke løyvingane til Beavivvas Sami Teahter og foreslår:

Kap. 324 Post 75 aukast med ... kr 1 500 000

#### Post 79 Ymse tiltak

I det vidare arbeid vil komiteens fleirtal, alle unnateke Framstegspartiet, be departementet sjå på ei eventuell opptrapping av dei eksisterande mindre teatra i samanheng slik at handsaminga vert så rettviss økonomisk som råd er.

#### Ballettkontor/Dansens Hus

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti, har merket seg at dans som kunstnerisk uttrykksform omsider har slått rot i Norge, og er i sterk utvikling. Dette gjelder både kvalitet og aktivitetsnivå. Denne utviklingen har skjedd takket være dyktige og idealistiske utøvere av dansefaget, og omfanget er nå på et nivå som fortjener økt støtte fra det offentlige.

Flertallet har også merket seg at gjennomføringen av «Dansens år» har blitt en stor suksess, og disse medlemmer ser det derfor som svært viktig å utvide virksomheten i tråd med det forslag som er fremlagt fra de frie danse miljøene og Norsk Ballettforbund hvor det tas sikte på å etablere et Dansens Hus. Flertallet støtter derfor departementets forslag til bevilgning.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet, har merka seg at departementet gjer framlegg om eit nytt informasjons- og formidlingskontor for dans. Disse medlemmene er positive til større utbreiing av profesjonell dans, men er skeptisk til tendensen å skipe nye kontor kvar gong oppgaver skal løysast.

Komiteen sine medlemmer frå Senterpartiet, Høgre og Kristeleg Folkeparti vil be departementet vurdere om det ikkje er like tenleg å sameine desse oppgavene med eksisterande strukturar, t.d. Arbeidsformidlinga sitt apparat, og vil difor redusere posten med 1,0 mill. kroner:

Post 79 Ballettkontor reduserast med ..... kr 1 000 000

Framstegspartiet vil ikke avsette midler til ballettkontor og viser til sine reduksjoner på posten.

#### Black Box

Komiteens fleirtal, medlemmene frå Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Kristelig Folkeparti, ønsker å stimulere dei frie sceniske gruppene ved å auke løyvinga til Black Box med 250 000 kroner. Black Box er fellesscene for dei frie gruppene og gjev frie sceniske grupper frå alle deler av landet høve til å presentere forestillingane sine for eit stort og variert publikum.

#### Seniorteatret

Flertallet, Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Kristelig Folkeparti, viser til at Seniorteateret dekker eit stort behov for teater for eldre menneske. Teateret har fram-syningar på dagtid, noko som er viktig i ein storby som Oslo.

Flertallet løyver eit tilskott på kr 250 000 til Seniorteatret, men vil imidlertid understreke at Oslo kommune i framtida bør ta eit større ansvar for drifta av dette Seniorteatret.

Komiteens medlemmer frå Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil be departementet starte arbeidet med ei eiga amatørkulturmelding og leggje ho fram for Stortinget i 1994. Det er vel kjent at det spesielt i distrikts-Noreg er livleg amatørverksemd, ikkje minst innan revy, musikk og song. Mange stader har ingen andre kulturarrangement så stor oppslutning frå publikum som dei lokale oppsettingane. Meldinga må ta for seg den aktiviteten som skjer og gi ei vurdering av kva for tiltak som det er viktig å prioritere når det gjeld offentleg støtte. Desse medlemmene gjer følgjande framlegg:

«Stortinget ber Regjeringen legge fram ei melding om amatørkultur.»

#### Operaen i Kristiansund

Komiteen sine medlemmer frå Senterpartiet, Høgre, Sosialistisk Venstreparti og Kristeleg Folkeparti viser til Innst. S. nr. 115 for 1992-93 der fleirtalet i komiteen gjeikk inn for å vurdere å utvikle Operaen i Kristiansund til å bli et ressurs- og kompetansesenter.

Komiteen reknar med at departementet kjem tilbake til denne saka med forslag til utviklingsplan ved neste års budsjettframlegg.